

# REGULERINGSVEDTEKTER.

## REGULERINGSPLAN FOR DELER AV BUA GNR. 52 I SVEIO KOMMUNE.

### 1. GENERELT.

- § 1 Innafor det regulerte område skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet, tegning 97.72-01 revidert føremål 05.12.98.

Arealet er regulert som følger:

### BYGGEOMRÅDER.

### 2. BYGGEOMRÅDER.

- § 2 I byggeområdet kan det berre førast opp småhus og naust.

- § 3 I området som er merka med frittliggjande småhusbusetnad, kan det oppførast bygningar i ein etasje med grunnflate max. 90 m<sup>2</sup>.  
Der det er høveleg kan det lagast kjellar. Loftet kan innreiast.  
Bygningane kan også nyttast til næringsføremål og utleige.

- § 4 I området merka konsentrert småhusbusetnad kan 1. høgda vera naust med tilhøyrande anlegg.  
Bygningane kan førast opp inntil 1 ½ etasje.  
Framføre bygningane kan det lagast kai, og det kan leggjast ut flytebrygger.  
Flytebryggene bør samordnast felles for fleire bygningars. Anlegg i sjø skal søkjast til Kystverket.  
Bygningane kan også nyttast til næringsføremål, naust og utleige.

- § 5 Alle bygningane skal ha saltak.

- § 6 Kvar eining kan skiljast frå med eige bruksnummer etter godkjendt tomtedelingsplan/utbyggingsplan.

- § 7 Før det blir oppført nye bygningar, skal det utarbeidast utbyggingsplanplan for heile eller deler av området.

JD 1999002

### 3. SAMS FØRESEGNER.

- § 8 Det kan bli aktuelt å utarbeida felles reglar for vedlikehald og veg, parkering, utlegging flytebrygger, fortøyningar etc.
- § 9 Eksisterande vegetasjon i planområdet bør vernast så langt som råd er.
- § 10 Ved handsaming av byggjesaker skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det vert brukt kvalitetsmessige gode materialer.
- § 11 Der er serlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtekten gjera mindre vesentlege unntak frå planen og reguleringsføreseggnene.

5520 Sveio, 1. des. 1998.